

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	03.09.2009	074/09	LTA

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 09/1001
--	-----------------------	-----------------------

### UTKAST TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN - HØYRING

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	27.08.2009	Det kongelege miljøverndepartement	Høyring - Forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

#### Saksutgreiing:

Visert til høyringsbrev av 29. juni 2009, med frist 4. september for å koma med merknader til MD sitt utkast til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Av høyringsbrevet går det fram at lovgjevar har føresett at det blir utarbeidd statlege planretningslinjer **for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen** (100-meters beltet). Med bakgrunn i dette har MD utforma eit utkast til slike retningslinjer som følgjer opp den skjerpinga i forvaltninga av strandsona som er lovfest (og sett i verk) gjennom den nye planlovdelen av plan- og bygningslova. Retningslinjene legg opp til at det der det er stort press på areala, skal tilsvarende restriksjonar som er innført for Oslofjordområdet gjelda. Det vil stort sett seia, ingen endring i dagens arealbruk, m.a.o. skal det i desse områda ikkje gjevast dispensasjon i høve til det generelle byggeforbodet i 100-meters beltet for nybygg og normalt ei heller for tilbygg til eksisterande bygg. Der arealpresset er mindre, er utkastet til retnings-linjer stort sett i samsvar med slik dei har vore praktisert av kommunane i regionen.

Utkastet til dei statlege planretningslinjene fastlegg òg grensene for kva som skal reknast som område med stort press på areala (og med "Oslofjordreglar" for forvaltninga) ved at desse grensene i utkastet er definert til å følgja noverande kommunegrenser. I følgje utkastet skal heile 100-metersbeltet i kommunane Austrheim, Lindås og Radøy reknast som område med stort arealpress, medan heile 100-metersbeltet i m.a. Fedje, Meland og Masfjorden skal reknast som område med mindre press på areala.

Rådmannen meiner at den kommunale inndelinga inndelinga er irrelevant for definering av grenser for kvar i 100-metersbeltet det bør vera skjerp krav til arealforvaltninga, og at desse grensene må setjast ut frå objektive kriteria for strandsona og omgjevnaden og at dette bør skje som ledd i utarbeiding/rullering av kommuneplan/regionplan. I strategisk næringsplan for Nordhordlandskommunane har det vore eit overordna mål å få til ei god, effektiv, einsarta, nærings- og publikumsvenleg forvaltning av plan- og bygningslova. **Det vil såleis få ein uheldig verknad på den positive utviklinga vi har sett i regionen i forvaltning av plan- og bygningslova om ein fekk ulikt regelverk for kommunane i regionen.** Dette er ikkje akseptabelt. Siste lovendinga har gjeve kommunane eit verktøy som gjer at ein gjennom kommuneplan/regionplan kan fastsetja og nøyaktig kartfesta grensene for dei areala som ein bør ha skjerp reglar for forvaltninga for. Ved det kan ein oppretthalda kravet til likskap basert på same mål og tilsvarende faktagrunnlag i kommunane i regionen si forvaltning av 100-metersbeltet langs sjøen.

Ei god forvaltning av strandsona inneber at ho må vera differensiert både i rom og tid. Dette er i samsvar med haldninga til kommunane i vår region og utøvd praksis. Kommunane praktiserer meir restriktive reglar for dei areala i kommunen som ein av allmenne interesser må skjerma mot endra arealbruk og er noko lempelegare der dette ikkje er tilfelle. Ein slik praksis er etter vårt syn svært godt sikra gjennom lovpålegget om utarbeiding og regelmessig rullering av kommuneplan. Prosessen som det arbeidet går etter, sikrar både at dei ulike

partsinteressene (lokale og nasjonale) i strandsoneforvaltninga (og elles) får fremja sine interesser og at kommunestyret som vedtaksorgan er godt oppdatert med denne og annan turvande informasjon for å utøva ei god, heilskapleg og differensiert forvaltning av strandsona. Også sakshandsamingsreglane i spørsmål om dispensasjon, er eit godt verktøy i arbeidet for ei god og differensiert forvaltning av strandsona. Prosessen sikrar at alle, også dei nasjonale interessene, blir ivaretekne på ein god og tilfredsstillande måte. Kvar det er aktuelt med skjerpa reglar (pkt. 4 i høyringsutkastet) og kvar kommunen kan vera meir lempeleg i høve til dei meir generelt formulerte krava i plan- og bygningslova (pkt. 5 i høyringsutkastet), må vera basert på konkret vurdering ut frå geografiske, natur- og kulturgjevne tilhøve for området og omegn.

I alle våre kommunar er det visse strandsoneareal som krev ekstra vern i høve til byggetiltak og anna endring i arealbruken og såleis ei forvaltning etter skjerpa krav, men i alle kommunane finst det òg store strandsoneareal der dette ikkje er tilfelle både av natur- og kulturgjevne tilhøve, areal der ein kan ha noko lempelegare krav til den praksis som skal utøvast. **Kommunegrensar er såleis eit heilt ueigna kriterium for kvar skjerpa krav ("Oslofjordkrav") skal takast i bruk.**

I det nye regelverket har kommunane fått eit eigna verktøy (omsynssone) for ei tenleg fastsetjing av kvar skjerpa reglar skal nyttast og som er ubunde av den eksisterande kommuneinndelinga. **Skjerpa krav bør derfor knytast til omsynssone i 100-metersbeltet langs sjø i kommuneplanen der "Oslofjordstandard", alternativt lokal vedtekt, skal gjelde.** (Det siste inneber størst rom for individuell utforming av krava og ivaretaking av medverknadsaspektet i planarbeidet.) Dette forslaget inneber ei konkret vurdering og fastlegging av kvar skjerpa krav til forvaltninga skal utøvast ut frå objektive kriteria på aktuell stad og med eit godt fundamentert kunnskapsgrunnlag for grensdragning. Og fastsetjinga vil skje i samsvar med den lovfesta demokratiske planprosessen.

Statlege retningslinjer skal etter vårt syn vera støtte som sikrar at den kommunale forvaltninga også skjer i samsvar med dei sette nasjonale måla. Radøy kommune ser helst at Miljøvern-departementet i første omgang lagar ein **retteleiar** for praktisering av dei skjerpa reglane for forvaltning av strandsona som er kome i den nye plan- og bygningslova. Med bakgrunn i retteleiaren og erfaringa med ei slik mindre formalistisk ordning, vil departementet få eit betre grunnlag for kva statlege planretningslinjer det vil vera trong for. **Vi ber derfor prinsipalt om at departementet i første omgang lagar ein retteleiar til bruk i ei differensiert forvaltning av strandsona i tråd med det nye regelverket i plan og bygningslova og at endeleg utarbeiding og fastsetjing av statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona blir utsett ei tid.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune viser til ovanstående og ber om å få retningslinjer som gjør at vi får ei mål- og framtidsretta, god, objektiv lik og effektiv forvaltning av den store strandsoneressursen i Nordhordlandsregionen. Kommunegrensene er irrelevante for definering av grenser for kvar i 100-metersbeltet det bør vera skjerpa krav til arealforvaltninga. Desse grensene må setjast ut frå objektive kriteria for strandsona og omgjevnaden og dette bør skje som ledd i utarbeiding/rullering av kommuneplan/regionplan. Vi vonar at vårt høyringssvar skal medverke til dette.

**FORMANNSKAPET 03.09.2009.**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.